

Trygg og framtidsetta



Kvalitetsplan for Skulefritidsordninga i Time



Time kommune

KVALITETSPLAN FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I TIME

Kvalitetsplanen er eit overordna styringsdokument. Det vert utarbeidd lokale handlingsplanar og årshjul på skulane som konkretiserer innhald og form.

Organisering

Opplæringslova § 13 -7 påleggjer alle kommunar å ha eit tilbod om skulefritidsordning (SFO) før og etter skuletid for 1. - 4. trinn og for barn med særlege behov for 1. -7. trinn.

Opplæringslova kapittel 9a, «Elevane sitt skulemiljø», omhandlar både det fysiske og det psykososiale arbeidsmiljøet til elevane. Krava til skulemiljøet gjeld også for SFO.



Alle barneskulane i Time har eit SFO tilbod. Opningstidene er ein time før skulestart og fram til kl 16.00 -16.30.

Føresette kan kjøpa eit tilbod på 5, 4 eller 3 dagar pr vøke. SFO nyttar skulane sine lokale. SFO er open 11 månader i året.

Organisasjonskart

Rektor er ansvarleg leiar. Nokre skular har delegert dette ansvaret til assisterande rektor. SFO er organisert med dagleg leiar eller avdelingsleiar ut frå storleik.

Dei ulike styringsmodellane:



Vedtekter

Planen tar utgangspunkt i gjeldande vedtekter for SFO i Time. Vedtektene er vedlagt planen.

Kompetanse

Vedtektene stiller ikkje krav til formell utdanning eller kompetanse for dei som er tilsette i SFO. Ved SFO i Time legg ein vekt på at dei vaksne har kunnskap om relasjonar og relasjonsbygging for å gjera barna trygge på SFO. Dei vaksne er rollemodellar og har fokus på kva som er til beste for barna.

Målsetting

Tilsette i SFO har god formal- og/eller realkompetanse.

Det skal vera kompetanseutvikling for alle tilsette på SFO.

Ønska kompetanse

SFO-leiar med pedagogisk utdanning eller anna relevant utdanning. Avdelingsleiarar med pedagogisk bakgrunn eller kompetanse tilsvarande barne- og ungdomsarbeidar.

Tilsette med fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Desse har ein verdfull kompetanse for arbeid i SFO. Etter kvart som ein tilset nye medarbeidarar, bør dette vera minimumskrav til kompetanse.

Det er ønskeleg at fleire av dei som nå arbeider i SFO som assistentar og som manglar formell kompetanse, får høve til å ta fagbrevet. Praksiskandidatordninga gir assistentar med lang erfaring høve til å gå opp til fagprøven. Det er eit mål å kunna leggja til rette for at tilsette i SFO skal kunna ta dette utdanningsløpet.

Kompetanseheving

Dei daglege leiarane, avdelingsleiarane har eige nettverk. Nettverket har regelmessige møte i løpet av skuleåret der aktuelle tema er på agendaen.

For alle assistentar i skule og SFO

- To planleggingsdagar i løpet av året. Rektor er ansvarleg for innhaldet.
- Ein felles SFO-assistentkveld i året
- Høve til å ta fagbrev gjennom Praksiskandidatordninga

Arbeid mot målsettinga

Det vert lagt vekt på kompetanse ved tilsetting i SFO.

For å få tilsette med ønska kompetanse, er det nødvendig å sjå ei tilsetting i SFO i samanheng med tilsetting i skulen. Det er forholdsvis små stillingar i SFO, og for å kunna tilby ein stilling som er attraktiv for ein fagarbeidar, må ein arbeida for kombinerte stillingar.

Samarbeid

SFO – skule

Skule og SFO må arbeida ut frå same pedagogiske plattform og ha same verdigrunnlag i møte med barn og vaksne. Det må lagast arenaer for samhandling og samarbeid mellom skule og SFO.

Kvalitetskjenneteikn:

- Rektor har det overordna ansvaret for å leggja til rette for godt samarbeid.
- SFO er ein del av skulen sin utviklingsplan.
- Barna møter dei same verdiane og haldningane hjå dei vaksne både i skule og SFO.
- Dei tilsette i SFO er ein del av skulen sitt personale og deltar i kompetansehevingstiltak, diskusjonar, planlegging og evaluering knytt til det tilbodet kommunen til ei kvar tid gir.
- Det blir sett av tid til planlegging kvar veke for personalet.
- SFO deltar på foreldremøta for 1. - 4. trinn om hausten eller dei har egne foreldremøte
- SFO-tida til barna skal vera tema på samtalanene med føresette.
- Det skal informerast om SFO på skulen si heimeside
- Oversikt over rombruk og korleis ein disponerer av felles areal

SFO - heim

Samarbeidet med heimen skjer gjennom dagleg kontakt i hente- og bringesituasjonar, på skulen sine nettsider, ved hjelp av skriftlege meldingar, telefonar og på årlege foreldremøte.

For at samarbeidet skal fungera godt, er det viktig at ein går gjennom kva for forventingar dei føresette har til SFO – og kva forventingar SFO har til dei føresette.

Kvalitetskjenneteikn

For dei føresette:

- Får informasjon om kvardagen på den enkelte SFO
- Finn informasjon om kommunen sine SFOar på kommunen sine nettsider og på den enkelte skule si heimeside.
- Rektor har ansvar for jamleg informasjon om kvardagen i den enkelte SFO, og for at generell informasjon om den enkelte SFO på skulen sine nettsider er oppdatert og tilgjengeleg.
- Kvalitet gjennom engasjerte vaksne, som har oversikt og som viser omsorg for det enkelte barn.
- Vert møtt på ein høfleg måte av tilsette som viser respekt og er lyttande.

Til dei føresette:

Bidrar til eit positivt miljø ved å vera bevisst på korleis ein omtalar SFO

- Dei føresette gir SFO beskjed om forhold som kan bety noko for korleis barnet trivst. Då vil personalet kunna følgja opp barnet og gje ekstra omsorg.
- Respekterer opningstidene og møter opp personleg i SFO lokala dersom barna skal hentast.
- Følgjer med på informasjon frå SFO i ranselpost og på skulen si heimeside og gir svar innan dei fristane som er sett.
- Gir beskjed innan oppsette fristar før skulen sine ferie/fridagar kva for behov ein har for desse dagane, slik at SFO leiar kan planleggja ein god bruk av personalet.

Medverknad

- Føresette med barn i SFO har høve til medverknad i dagleg kontakt, i foreldreundersøkingar, samt i brukarundersøkingar. FAU skal ha ein person som representerer SFO.

Innhald

Den enkelte SFO er ein læringsarena som gjennom omsorg, tryggleik, trivsel og toleranse tilbyr og legg til rette for eit variert utval av aktivitetar. Innhaldet skal bidra til utvikling og meistring og er tilrettelagt for barna sin alder og funksjonsnivå.

Fokusområde i Time SFO

1. *Sosial kompetanse*
2. *Fysisk aktivitet*
3. *Kreativitet*
4. *Mat og helse*

Gjennom året skal ein vera innom alle dei fire hovudområda, men den enkelte SFO kan sjølve avgjera kvar hovudfokuset skal vera. Hovudfokus kan variera frå år til år, trinn til trinn o.s.v.

1. Sosial kompetanse

Målsetting

Barn i SFO skal stimulerast til sosial samhandling gjennom ulike aktivitetar og leikeformer.

Leik er viktig fordi:

Gjennom leiken får barn eit særskilt høve til å læra seg å kommunisera og samhandla med andre. SFO er ein viktig læringsarena for utvikling av barn sin evne til positiv samhandling med jamaldrande og vaksne. Leiken er ein viktig arena for å trena på sosial kompetanse. I leiken øver dei på vaksenverda, løyser problem, førebyggjer konflikhtar og får kompetanse i inkludering og avvising. Dette er viktige sosiale ferdigheiter som barnet treng vidare i livet.

Gjennom leiken må barn ha eit forhold til andre leikekameratar, dei må venta på tur, dei må koma fram til felles løysingar, dei må gje og ta. Gjennom leiken utviklar dei sosial kompetanse som forskning har definert som evna til å visa empati, samarbeid, sjølvkontroll, sjølvhevdning, problemløysing og humor.

Fri leik og organisert leik

I Time skal SFO leggja til rette både for fri leik og organisert leik. Så langt mogleg skal leiken leggjast til rette på barna sine egne premissar. Dette betyr at barna skal få tid og rom for fri leik, kor dei kan leika uforstyrra under tilsyn. Samtidig vil personalet, i den grad det er nødvendig, organisera leikeaktivitetar der dei vaksne deltar aktivt med styring og reglar for leiken. Mange barn treng styring, reglar og vaksnerettleiing for å kunna leika. Personalet i SFO må observera og vurdera barna i begge leikeformene og gripa inn, gi støtte og hjelp når situasjonen tilseier det. Dagsorden ved den enkelte SFO skal vera så fleksibel at ein unngår å avbryta leiken til barna.

Kvalitetskjenne-teikn:

- Personalet tar ansvar for å rettleia og hjelpa det enkelte barnet i å utvikla sosial kompetanse
- Personalet har nødvendig kompetanse til å organisera gamle og nye leikar/leikeformer
- Personalet legg til rette for variert fri leik og organisert leik, både ute og inne
- Personalet motiverer, inspirerer og rettleier barna slik at alle deltar i leiken
- Personalet tilretteleggjer for at funksjonshemma barn skal kunne delta i leiken
- Føresette opplever at barnet trivs i SFO

2. Fysisk aktivitet

Målsetting

Det skal leggjast til rette for at alle barna på SFO får høve til å utfalda seg fysisk kvar dag.

Det blir tilrådd at alle barn bør vera fysisk aktive minst 60 minutt kvar dag. Aktiviteten bør vera så allsidig som mogeleg, og kan gjerne delast inn i kortare periodar i løpet av dagen. Mange barn er fysisk aktive i leiken og vel fysisk aktivitet når dei har høve til det. Andre barn vel gjerne aktivitetar med mindre fysisk aktivitet. Det er difor viktig at SFO organiserer og legg til rette for at alle barna kan vera fysisk aktive i løpet av tida dei er på SFO. Det betyr at det må planleggjast for daglege aktivitetar i gymnastikksal, uteleik eller andre aktivitetar som gjer at barna er fysisk aktive.

Kvalitetskjenne-teikn:

- Det blir lagt til rette for og stimulert til fysisk aktivitet som eit fast innslag i SFO – dagen
- Det blir kjøpt inn utstyr som fremjar fysisk aktivitet.
- At barna ikkje har høve til å alltid velja bort fysisk aktivitet
- At nærmiljøet blir brukt aktivt
- At dei vaksne er deltakande i ulike aktivitetar

3. Kreativitet

Målsetting

SFO skal leggja til rette for at barna blir stimulerte til og får høve til å utvikla kreativitet.

Med kreativitet meiner vi at barna får bruka og utvikla skapande evner, at dei får høve til å vera oppfinnsame eller finna på nye ting. Dei må og få delta i aktivitetar der dei kan bruka fantasi og kunna undra seg over ulike ting.

Kvalitetskjenneteikn:

- Det blir lagt til rette for at barna får høve til å oppleve, lytta til og sjå ulike former for kunst
- Det blir lagt til rette for formegjevande og skapande arbeid som t.d. song, instrument, drama (rolleleik), forteljing, eksperiment og bygging.

4. Mat og helse

Målsetting

Barna utviklar sunne matvanar og opplever glede og fellesskap ved å eta saman

Det skal vera tilbod om måltid om morgonen og ettermiddagen i SFO. Det skal leggjast vekt på å skapa ei positiv ramme rundt måltidet med fokus på inkludering og fellesskap. Dei vaksne et saman med barna. Samtidig skal ein leggja vekt på hygiene og bordskikk, og bevisstgjera barna på kva som er sunne matvanar. Måltidet skal også tilpassast barn med allergiar og ulike typar matintoleranse. Det bør leggjast opp til at barna får vera med å laga til maten, dekkja bordet og rydda etterpå. Gjennom deltakinga lærer dei korleis ein lagar eit enkelt måltid og kva som er sunn mat.

Kvalitetskjenneteikn:

- Vaksne et saman med barna
- Det må vera sett av tid til måltidet
- Barna lærer sunne matvanar gjennom å delta i matlaginga
- Hygiene og bordskikk er ein del av måltidet
- Det må utarbeidast rutinar for gjennomføring av måltidet

Måloppnåing

For å finna ut om vi når målsettingane, er det viktig med informasjon frå dei som brukar tilbodet og gjennom evaluering av handlingsplan- årsplan i personalet.

Kvalitetskjenneteikn:

- Gjennomføra årlege barnesamtalar. Det skal utarbeidast eit felles kommunalt samtaleskjema som kan nyttast til dette. Resultatet av den årlege barnesamtalen skal brukast for å forbetra kvaliteten på den einskilde SFO.
- Evaluerer årsplan opp mot handlingsplan og kvalitetsplan som forarbeid til planlegging for neste år.
- På kommunenivået blir det gjennomført brukarundersøking annakvart år. Ein vil då nytta undersøkinga som ligg på «bedrekommune.no». Resultatet av denne undersøkinga blir behandla politisk.